



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Midt-Telemark

Informasjon om vigsel

i Sauherad kirke, Nes kyrkje, Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje

Velkommen til bryllup i ei av kyrkjene i Midt-Telemark! Vi som arbeider i kyrkja ynskjer at dette skal bli en fin dag for dykk.

Tidspunkt for vigsler i Midt-Telemark kommune er for laurdagar kl. 12.00 eller 14.00. På andre vekedager kan vi være meir fleksible med tidspunkt.

VIGSELPAPIR

Det er **Folkeregisterets** ansvar å prøve ekteskapsvilkåra. Dokumenta som skal fyllast ut finn de her: <https://www.skatteetaten.no/person/folkeregister/ekteskap/ekteskap/i-norge/> Når Folkeregisteret har mottatt dette, og ser at ikkje noko er til hinder for å inngå ekteskap, skriv dei ut ein prøvingsattest. Denne attesten kan ikkje være eldre enn fire månader når ekteskapet vert inngått. Det er fint om de gjer avtale om at Folkeregisteret sender denne direkte til soknepresten i Sauherad og Nes eller i Bø. (Kryss av for dette nederst på eigenerklæringa). Eller send den til oss seinast 2 månader før bryllupet. Etter vigselen får de ein foreløpig vigselsattest av presten, den endelige attesten får de av Folkeregisteret seinare.

PYNTING OG FOTOGRAFERING

Kyrkjetenaren sørger for at kyrkja ser innbydende ut når de kjem. Dersom de ynskjer å pynte kyrkjerommet må de gjere avtale med kyrkjekontoret om dette i god tid. Dette gjeld både tidspunktet for pynting, utforming av pynten, og ikkje minst når pynten skal ryddast opp igjen etterpå. Ofte er det gudsteneste dagen etter, derfor er hovedregelen at det skal ryddast både inne og ute samme dag.

Ynskjer brudeparet å bruke kyrkjerommet til fotografering etter vigselen (særleg aktuelt ved regn) MÅ det avtalast i god tid.

SAMTALE OG ØVING

Presten har ansvar for sjølve vigselen. Presten tar kontakt med dykk i god tid for å avtale ei samtale. De kan få tid til ei enkel "generalprøve" kort tid før bryllupet der forlovarar og andre involverte kan delta viss de ynskjer det.

SANG OG MUSIKK

Organisten har ansvaret for det musikalske, og må ha ynskje om sangar og musikk i god tid, minst tre veker på førehand. Dersom de vil ha solosang eller solomusikk, må det også avklarast med organisten i god tid på førehand.

PROGRAM

Vigselsordninga åpnar for at brudeparet kan vere med å utforme vigselen. Det er svært hyggeleg om nokon frå bryllupsfølget deltek med tekstlesning, musikk, lystenning eller i dei liturgiske ledda. Innslaga må passe i den gudstenestlege karakteren til vigselshandlinga, og skal ikkje bryte med trusgrunnlaget i Den norske kyrkja.

De kan velje om de vil trykke opp program med songane i, eller om de vil bruke salmebøkene.

Hovedpunktta i ei kyrkjeleg vigsel er:

- | | |
|---------------------|---------------------------------------|
| 1 Preludium/Inngang | 7 Ekteskapsinngång |
| 2 Inngangsord | 8 Overrekking av ringar (kan utgå) |
| 3 Salme | 9 Forbøn og Fadervår |
| 4 Skriftlesning | 10 Musikk/symbolhandlingar (kan utgå) |
| 5 Salme (kan utgå) | 11 Salme |
| 6 Tale | 12 Velsigning |
| | 13 Utgang |

ØKONOMI

Vigslar i kyrkjene i Midt-Telemark kostar ingenting for kyrkjemedlemmer som er eller har vore folkeregistrert i kommunen (tidlegare Sauherad og Bø kommunar). Andre må betale for leige av kyrkje, organist, kyrketenar og prest etter gjeldende takster. Meir informasjon om dette kan de få ved å ta kontakt med kyrkjekontoret.

RESERVASJON AV VIGSELSTIDSPUNKT

Send tilbake svarslippen ferdig utfyllt der de stadfestar tidspunkt for vigsel.

Skulle det så vere noko de lurar på, er det bare å ta kontakt! Lykke til med bryllupsførebuingane!

Beste helsing kyrkjene i Midt-Telemark

Sauherad og Nes kyrkjekontor
Holmenvegen 46
3810 GVARV
e-post: post@sauherad.kyrkja.no

Bø kyrkjekontor
Kyrkjevegen 78
3800 Bø
e-post: post@bokyrkje.no